



Foreldre og føresette

Referanser:

Dykkar:

Vår: 14/2114 - 14/14112

Saksbehandlar:

Irene Hystad Hugaas

irene.hystad.hugaas@meland.kommune.no

Dato:

22.09.2014

Samtykke til å bruke bilete og video av barnet

Vi vil gjerne bruke bilete og video som media for å presentere skularbeid og elevarbeid ved Grasdal skule. Det vil t.d. vera aktuelt å bruke gruppebilete av elevane på heimesida til skulen, Itslearning for kvar klasse, ved presentasjonar på fellessamlingar for elevar og foreldre, eller på foreldremøter. Det vil og vera aktuelt å bruke bilete i trykksaker, vekeplanar eller fellesbrev.

Det skal ikkje førekomme enkeltbilete eller nærbilete av elevar, eller koblingar mellom namn og bilete på heimesida. Det skal ikkje vera bilete av elevar når dei er svært lettkledde. Bileta som vert publisert på nett skal alltid ha ein kvalitet som gjer det lite attraktivt for andre å manipulere dei, eller nytte dei i andre samanhengar. Skulen skal ikkje frigi digitale biletkopiar, eller nytte bilete/video i andre samanhengar utan spesifikt samtykke frå foreldre og føresette.

Skulen vil opptre i samsvar med lov om personvern og etter rettleiing frå Datatilsynet.

Vi ynskjer difor at de svarar på utsagna under, og returnerer denne samtykke-erklæringa til skulen med underskrift av foreldre og elev.

Med helsing

Irene Hystad Hugaas
rektor

Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

SVARLAPP samtykke

Postadresse

postmottak@meland.kommune.no
Postboks 79, 5906 Frekhaug
Besøksadr: Havnevegen 41 A
5918 Frekhaug

Kontakt

www.meland.kommune.no
Telefon +47 56 17 10 00
Telefaks +47 56 17 10 01

Konto 1503 18 83722
Org.nr. 951 549 770

Kartinfo: www.nordhordlandskart.no

Mottakere:

Foreldre og føresette